

Søknad om barnehageplass

Alle som ønsker barnehageplass skal nytte elektronisk søknadsskjema.

Hovudopptak:

Hovudopptaket gjeld for dei som ønsker oppstart ved nytt barnehageår. Dei barna som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året ein søker barnehageplass for, har lovfesta rett til plass. Føresetnaden er at ein søker innan fristen for hovudopptaket. Retten til barnehageplass gjeld i den kommunen der barnet er busett.

Foreldre/føresette til eit barn som allereie har barnehageplass, men som ønsker å bytte til ein annan barnehage, må søke på ordinær måte i hovudopptaket. Også alle som står på venteliste må huske å søke på nytt i hovudopptaket. Søknadsfristen til hovudopptaket er **1. mars**.

Vi oppmodar søkerane om å registrere flest mogleg alternative barnehagar i prioritert rekkefølgje ved utfylling av søknadsskjema. Dette aukar sjansane for at du får innvilga ein aktuell barnehage, i tilfelle du ikkje får tilbod i tråd med ditt/dine hovudønske.

Barn som er fødd i september, oktober eller november har rett til å vente med oppstarten til den månaden barnet fyller eitt år. Skriv ønska oppstartdato i søknaden.

Supplerande opptak:

Kommunen har også supplerande opptak gjennom barnehageåret. Søkerane kan då få tilbod om plass ved ein av dei barnehagane som har ledig kapasitet.

Elektronisk søknadsskjema til hovudopptak eller supplerande opptak finn du her (Foreldreportalen):

<https://foresatt.visma.no/sykkylven>